

Jongerud - Hionghærudhi (gnr. 158)

Hionghærudhi: Gardnamn i bøyingsform der førsteleden vanskeleg let seg tyde. Skrivemåten av namnet har elles som regel vore godt kjenneleg.

Det er i det under Diserud nemnde diplom av 1424 ein først finn garden Jongerud omhandla. Og handelen galdt det som Vigleikr Kætilsson åtte i "Hionghærudhi". I 1594 finn ein gardnamnet skrive "Jonngerud", og garden vart da ført i gruppa for "Halfue gaarde". Ti år seinare vart i 1604 "Christoffer Ihunrud" ført blant "Ødegaardsmend". "Christopher Jongerud", som da er skrive, er og ført under "Husmend" i 1610. Ein liten mannsalder seinare var det "Oluf Jungerud" som brukte garden, og etter atter ein liten mannsalder var det "Thomes Jungerud" som hadde tatt over og var brukar der. Han betalde i 1645 den utlikna Kopskatten for kona si og seg sjølv med ½ mark i pengar. Etter manntalet for Kvegskatten 1657 hadde brukaren Thomis Jungerud da ein buskap på: 1 hest, 8 naut og 9 sauer. Frå same året, altså i 1657, er det elles i "Oudels Jordbog" av 1657 opplyst at "Thommis Jongerud" og var jordeigande bonde og åtte sjølv jordgoods til 1 huds landskyld i bemeldte Jongerud. I år 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Jungerud" fortalt at landskylda på 1 hud var den samla landskyld av garden, og at brukaren der også da heitte Tommes. – Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, og korntienda vart utreidd med 1 3/8 tønne, som altså svara til årsavling på kring 13 tønner. Vidare er det om Jungerud oppgitt at enga der, innmarka, var "Tømmelig goed", at det heller var lite med skog, men at garden alt da hadde seter og sommarbeite for krøtera på "Støelen Setter".

Av Mannkjønnsmanntalet for 1665 går det elles fram at brukaren på Jungerud i den tid, Tommes, som det her gjeld, hadde ein son, Christen Thommessen, som i 1665 var 26 år. Da det i 1690 vart utdelt 24 nye børser til soldatlegdene i Fåberg, tok Christen Thommessen Jongerud imot den eine børsa.

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Jungerud" vidare fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Om skogen er det da opplyst at det var skog til brenneved og gjerdefang. Sentra hadde god hamn og det var seterslått til 2 lass høy. Høyavlinga utgjorde i det heile kring 20 lass, og husdyrhaldet var da 2 hestar, 15 naut og 12 sauer. Eigar og brukar av og oppsittar på garden var da Iver Christensen Jungerud.

Oppsittaren Iver Christensen var elles gift med Ingeborg Engebretsdtr., og dei hadde 7 born. Dei var: 1. Christen, fødd 1701, 2. Tomas f. 1704, gift 1734 med Berte Olsdtr. Rustaden, 3. Engebret f. 1706, 4. Gunder, tvilling f. 1706, død 1735. 5. Ole f. 1713, 6. Lisbet f. 1716, 7. Erland f. 1719.

Men i 1729 var husbonden Iver Christensen død, og det var arveskifte på "Jungerud i Faaberg". Ved dette skifte var jordegodset Jungerud av skyld framleis 1 hud medregistrert, og arvebuet utgjorde dermed brutto 345 rd, og netto 200 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingeborg Engebretsdtr. dei 7 borna i ekteskapet som før er nemnde.

Fire år seinare var det i 1732 eldste sonen Christen Iversen Jungerud som hadde tatt over og var eigar av garden. Han lånte da 200 rd. av sokneresten til Faaberg magister Hans Bircherod mot årleg rente 5% og pant i "sin eiende gaard Jungrud skyldende årlig med bøxel og herlighed 1 hud".

Den nye husbonden på garden, Christen Iversen f. 1701, gifta seg med Guri Larsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 4 born, to av dei døde som spedbarn. Borna var: a. iver f. 1731, død 1732, b. Ragnhild f. 1732, c. Iver f. 1734, død 1735, d. Engebret f. 1736. – Men året etter, altså i 1737, døde og faren Christen Iversen Jungerud, berre 36 år gamal.

Enka Guri Larsen gifta seg same året oppatt med Nils Hansen Forset f. 1690, og dei fekk i sitt ekteskap dottera Rønnøij, døypt 3. mai 1739. Men seks år seinare var i 1745 Nils Hansen Jongerud og død, og enka Guri Larsdr. gifta seg i 1746 oppatt til sitt 3. ekteskap og da med Jacob Olsen Ellingsberg.

Men i 1762 gav stefaren Jacob Olsen skjøte til odelsarvingen stesonen Engebret Christensen f. 1736 på ættegarden Jungerud framleis av skyld 1 hud for kjøpesum 291 rd.

Engebret Christensen f. 1736, som dermed tok over som eigar og brukar av Jongerud, gifta seg i 1763 med Rønnaug Ingebretsdtr., visstnok frå Lier, og dei fekk i sitt ekteskap 12 born. Det var: 1. Anne f. 1764, gift med Ole Eriksen Grønlien, 2. Guri f. 1766, gift 1793 med Jon Hansen Hølen, 3. Mari f. 1767, gift 1789 med Peder Olsen Aanerud, 4. Christen f. 1769, død 1796, 5. Hans f. 1771, 6. Ingeborg f. 1773, 7. Ole f. 1776, 8. Rønnaug f. 1778, 9. Helge f. 1780, død same året, 10. tvilling Berte f. 1780,, død 1786, 11. Jacob f. 1782, gift 1805 med Sessel Pedersdr., 12. Beret f. 1785.

Engebret Christensen var framleis eigar av Jongerud i 1781. han hadde da lånt 340 rd. av Svend Ericson Wedum og 252 rd. av Eric Ericson mot 1.pr. pant i Jongerud, da av skyld 1 hud 1 ½ skind. Men fire år seinare gav i 1785 Engebret Christensen skjøte til svigersonen Ole Eriksen Grønlien, som var gift med Anne Engebretsdtr. Jongerud f. 1764. – Ein merkar seg elles at kjøpesummen for Jongerud ved denne handelen var 620 rd., og at av dette vart 70 rd. utbetalt til eldste sonen på garden, Christen Engebretsen, som da var 16 år.

I år 1796 søkte Ole Jongerud om å få ”en lovlig taksation over sin eiende gaard Jungerud”, og takstmennene Peder Hammerseng og Amund Haav verdsette da garden til 800 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved Jongerud.

Dei var:

1. familie: 1. Ole Erichsen, husbonden, 45 år, 2. Anne Engebretsdtr., kona hans, 37 år, 3. Christen Olsen, sonen deira, 7 år, 4. Anne Olsdr., dotter deira, 16 år, 5. Rønnaug Olsdr., dotte deira 14 år, 6. Berthe Olsdr., 11 år, dotter deira, 7. Ingeborg, dotter deira, 2 år, 8. Peder Erlandsen, tenestkar, 67 år, 9. Engebret Mortensen, tenestkar, 15 år.
2. familie: 1. Rønnaug Engebretsdtr., føderådscone, 60 år, 2. Berit Engebretsdtr., dotter hennar, 13 år, 3. Kari Jensdr., 40 år, ”Nyder Lægd af Sognet”.

Husbonden Ole Erichsen hadde så garden til i 1807, da han gav skjøte på grd. Jungerud av skyld 1 hud til Christen Christensen Bratland for kjøpesum 1606 rd. + føderåd til Ole Erichsen og hustru ”på grd. Jungerud”. Og med denne handelen begynner ei ny tid for den gamle garden.

Av to år seinare er elles ei rettssak som her har sitt å fortelja, og som etter utskrift av tingboka fortel om årsaka til saka slik:

”Fåberg 8. mars 1809

Christen Christensen Jongerud har innstevnt Ole Christensen Blegen for hugg, slag og skjeldsord.

Innstevnte møtte ikke. Et vidne ble avhørt. Saken utsættes til neste ting.

Fåberg 17. juni 1809

Innstevnte møtte og tilbakekaldte sine uttalelser om citanten, som han var kommet med i beskjendet tilstand. Han visste intet å si til forkleinelse for citantens gode navn og rykte.

Prok. Møller var på citantens vegne tilfreds med denne erklæring og frafalt tiltalen.”

Etter dette hadde så Christen Christensen Jongerud garden til i 1810, da han 11. april 1810 gav skjøte til Ole Engebretsen Navrud på grd. Jongerud for 2200 rd. – Den nye eigaren Ole Engebretsen hadde heller ikkje garden lenger enn i 3 år. Da selde han den 3. juni 1813 til prok. Hans Sommerfeldt for 1833 riksbankdalar (rbd.). Men etter atter 6 år skjøta i 1819 prokurator Hans Sommerfeldt grd. Jongerud over til Iver Erlandsen Berg for kjøpesum 2500 spd.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Jungrud” oppgitt at buskapan av store husdyr på garden i den tid var 2 hestar og 10 naut og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner.

Etter dei handlar med garden Jongerud som før er nemnde, livde det likevel medlemmer av den gamle Jongerudætta framleis på garden. – I 1835 budde det såleis desse 3 familiane på og/eller ved Jongerud:

1. familie: 1. Christen Olsen Jongerud f. 1794, 2. Anne Sivertsdr., kona hans, født Diserud, 1795, 3. Anne Christensdr. Dotter deira, f. 1826, 4. Oleana Christensdr. Dotter deira, født 1828, 5. Marthe, tvilling f. 1828, 6. Ole Christensen, son deira, f. 1830, 7. Sedsel Christensdr., dotter deira f. 1831.
2. familie: 1. Ole Sivertsen f. 1810, 2. Ingeborg Olsdr. Jongerud, f. 1799, kona hans, 3. Simen Olsen, son deira f. 1831.
3. familie: 1. Hans v/Jongerud, husmann som visstnok budde i Jongerudengen, 2. Mari, kona hans, 3. Hans, son deira, f. 1822, 4. Marthe, dotter deira, f. 1828, 5. Anne, dotter, f. 1829.

Ni år seinare hadde i 1838 daverande sokneprest til Fåberg provst Claus Winther Kamstrup tilhandla seg grd. Jongerud, som han da skjøta vidare til sonen Frederik Rosenkilde Kamstrup. Samtidig gav så kjøparen Frederik R. Kamstrup føderådsbrev til foreldra og 2 av søskena sine.

Ved matrikulering av gardane nett same året, altså i 1838, vart den gamle landskylda i huder og skinn skifte ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Jongerud i Fåberg fekk da som si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar 15 skilling og det var altså Frederik Kamstrup som da var oppsittar på Jongerud.

Provst Winther Kamstrup døde på Jongerud 26. mai 1841 i sitt 83. år, og 8. juli 1846 døde også provstinne Anne Margrethe Kamstrup der. I samband med dødsfalla var det så 11. mai 1847 avsluttande arveskifte på ”Jongerud i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 2051 spd. og netto 1899 spd. Arvingane ved skiftet var:

- I. Borna etter eldste son av avdøde: tollkasserar Hans Kamstrup, og borna var: a. Claus Winther, 17 år, b. Erich Theodor, 13 år, c. Anne Margrethe, 18 år, d. Frederikke Dorthea, 8 år.
- II. Sonen Frederik Rosenkilde Kamstrup på Jongerud.
- III. Borna etter sonen Sokneprest Claus Winther Kamstrup, og borna var: a. Frantz Georg, 13 år, b. Gustav, 11 år, c. Claus Winther, 8 år, d. Anne Marie, 18 år, 3. Johanne Augusta, 16 år, f. Claudine, 15 år, g. Laura Constance, 10 år.
- IV. Dottera Helene Ellegers, 53 år, sjuk.
- V. Enkefru Johanne Margrethe Rosenkilde.
- VI. Skifteboet etter avdøde dotter Mette Winther Kamstrup.
- VII. Skifteboet etter avdøde dotter Anne Christine Kamstrup.

Frederik R. Kamstrup hadde Jongerud gard til i 1850, da han skjøta garden vidare til Claus W. Kamstrup, som samtidig med P. Tollersrud som kurator gav føderådsbrev til seljaren F. Kamstrup.

Husmannsplassen Jongerudenga er omhandla i 1855. Husbonden Claus Kamstrup gav da husmannskontrakt til Ole Olsen på "Pladsen Jongerudengen m.m." for 5 år. I 1867 var det elles Simen Christensen som fekk husmannskontrakt på plassen for nye 5 år.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Jongerud oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 176 mål, og av dette var 47 ½ mål jord av 1.klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at buskapen på sjølvve Jongerud gard da var: 2 hestar, 13 storfe og 8 småfe, men dertil var det på husmannsplassen under Jongerud; 1 ku og 8 småfe. Først på same måten var utsæden på sjølvve Jongerud det året: ca. 11 ½ tønne korn og 9 tønner settepoteter, men dessutan var utsædet på husmannsplassen til garden: ca. 1 ½ tønne korn og 2 ½ tønne settepoteter.

Same året, altså i 1865, var det skyldsetningsforretning på Jongerud, og ein parsell av garden kalla Svarthølen vart skyldsett ifrå og selt av husbonden C. Kamstrup til Ole Johannessen Kirkerudmoen for kjøpesum 400 spd.

I denne tid var det elles fleire utskiftingar av sameigemark og –skog som ikkje minst vedkom Jongerud. I 1857 var det såleis utskifting av "Faaberg Vestfjeld", i 1868 var det utskifting av "Skov i Stølsmarken", og i 1899 var det utskifting av hamnetilhøva "Paa Kinden og Stølen m.fl. sætere".

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Jongerud i Fåberg fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 158 av samla skyld 7,22 mark, og det var for som ført nemnt alt da blitt to bruksnr. under gardsnr. 158 Jongerud. Dei var: 1. grn. 158, brn. 1 Jongerud av skyld 6,77 mark, som Claus Kamstrup framleis var eigar eller brukar av, b. grn. 158, brn. 2. Svarthullet av skyld 0,45 mark, som Ole Johannessen Kirkerudmoen var eigar av.

I 1889 var husbonden på Jongerud vorte utskiftingsformann, og han skjøta da garden over til svigerson sin Svein Simonsen Wedum og hustru for kjøpesum kr. 7500,- + eit føderåd av 5-åleg verdi kr. 500,-.

Som eit streif av nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 5 personar med røysterett på og/eller ved Jongerud. Dei var: 1. gardbr. Svein S. Vedum, 54 år, 2. husmor Tora Vedum, 3. gardbrukarson Klaus Kamstrup, 25 år, 4. lærarinne Erika Kamstrup, 38 år, 5. husmann Ole Toresen v/Jongerud, 29 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Jongerud og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1909 selde så Ole Johannessen Kirkerudmoen og gav skjøte til Johannes Johansen Glaamen på parsellen grn. 158 brn. 2 Svarthullet og grn. 159 brn. 2 for kjøpesum kr. 8000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1000,-. To månader seinare gav elles A7S Flaakeli Brug skjøte til den nye "Aktieselskab Flaakaali Bruk" på denne "Eiendoms Grund" for kr. 10.400,-. Tre år seinare skjøta i 1912 husbonden Svein Vedum og hustru Tora f. Kamstrup garden Jongerud over til sonen Klaus Kamstrup og hustru Marit f. Tollersrud.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 framleis eitt gardsbruk under grn. 158, nemleg grn. 158 brn. 1 Jongerud med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 135 dekar, som Klaus Kamstrup altså var eigar og brukar av.